



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
201504924	25.02.2016	12602/2016/DISPENSASJON/1547	Anders Røystrand, tlf. 71 25 82 90	12.04.2016

Aukra kommune – etablering av kulturdam - gbnr 11/19 – vurdering av konsesjonsplikt - fråsegn til høyring

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Søknad om oppdemming og etablering av kulturdam på gnr. 11 bnr. 19 på Gossen i Aukra kommune er avgrensa til eit areal på 1-1,5 daa med maks. djupne 2 m. Dammen er tenkt etablert ved oppdemming av ein bekk i eit myrsøkk nær bustadhus og hundepensjonat oppført på eigedomen.

Ut frå eit vassforvaltingsperspektiv har ikkje den aktuelle bekken betyding regionalt, men ut frå overordna mål om god økologisk tilstand på vatn, er det positivt at målsettinga med å etablere dammen er å legge til rette for auka biologisk mangfald.

Etablering av dam vil ikkje endre vesentleg på tilgjenge til utmarksområde (LFN-formål i kommuneplan) på eigedomen. Vi kan heller ikkje sjå at det er andre allmenne interesser som blir råka slik at det er behov for konsesjonsbehandling.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Anders Røystrand
rådgivar

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Kopi:
Fylkesmannen i Møre og Romsdal